

Digitale tenester frå biblioteket

E-bøker



<http://ebokbib.no/>

Du må vere registrert lånar ved biblioteket for å få tilgang til e-bøkene. I denne appen kan du låne bøker rett til telefonen eller nettbrettet ditt. Er noko utlånt, kan du sette deg på venteliste. Når e-boka blir ledig, vil du få ei melding.

Kom i gang!: http://bit.ly/brembib_ebokbib_start

Her kan du få svar på ting du lurar på: <http://ebokbib.no/faq.html>

E-lydbøker



Det er veldig enkelt å høyre lydbøker via telefonen, du finn dei på same appen som e-bøkene. Du kan kople til høyretelefonar, Bluetooth i bilen eller større høgtalarar heime om du ønsker det. Førebels har vi ikkje så mange lydbøker på eBokBib, men det blir jobba med å få eit betre utval etter kvart.

PressReader



<http://www.pressreader.com/>

Gjennom PressReader får du tilgang til tusenvis av aviser og tidsskrift på meir enn 100 ulike språk. Av norske aviser som er tilgjengelege i fulltekst finn du både Bergens Tidende, Dagbladet, Aftenposten, Dagsavisen, nokre lokalaviser mm. I tillegg til dette kan du finne tidsskrift om alt mulig, handarbeid, motor, populærvitskap, interiør, hagestell, kom i form, yoga osv.

Last ned appen til telefon eller nettbrett og kom innom biblioteket, då får du automatisk nedlastingstilgang i sju dagar! Då kan du sitte heime og lese så mykje du vil og laste ned så mykje du får plass til. Ingen avgrensingar. For å få ny tilgang i sju dagar, må du komme innom biblioteket igjen.



<http://www.filmbib.no/>

På [filmbib.no](http://www.filmbib.no) eller på Filmbib-appen kan du heilt gratis sjå norske kortfilmar og dokumentarar for både vaksne og barn. Logg inn med nasjonalt lånekort og PIN-kode.

Websøk på PC



<http://websok.mikromarc.no/bremanger-fb>

På denne nettstaden kan du søke på bøker, lydbøker, filmar, musikk og dataspel som vi har på biblioteket. Finn du noko du likar, kan du reservere det. Dersom du loggar deg inn, får du oversikt over alle låna dine, og fornye dei dersom du ønsker det.

Mobil-app



QR-kode til mobil-appen

Med mobil-appen kan du søke i biblioteket sin katalog, sjå kva du har lånt før, reservere bøker og fornye låna dine frå mobilen eller nettbrettet ditt. I denne appen ligg også lånekortet ditt, som du kan bruke dersom du har gløymt kortet heime.

Det er eigentleg ikkje ein app, du må gå til biblioteket sin webkatalog via t.d. Safari eller Chrome og velje Gå til mobilversjonen. Eller du kan skanne QR-koden og komme direkte til biblioteket sin mobile katalog.

Biblioteksøk (heile landet)



<http://bibsok.no/>

Det felles biblioteksøket frå Nasjonalbiblioteket skal gi éin inngang til norske bibliotekatalogar, høve til å låne litteratur frå alle norske bibliotek og direkte tilgang på nett til litteratur som er digitalisert i Nasjonalbiblioteket. Du loggar deg inn med Nasjonalt lånekort og PIN-kode, søker opp den boka, lydboka eller filmen du ønsker, Bestill og velg hentebibliotek, som for eksempel er Bremanger folkebibliotek, hovudbiblioteket (Svelgen) eller Bremanger folkebibliotek, Hauge filial.

NLB



<http://www.nlb.no/>

Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek (NLB) arbeider for at alle skal ha lik tilgang til litteratur og informasjon. NLB er eit statleg bibliotek under Kulturdepartementet. Tilbodet er gratis og landsdekkande. Dersom du har vanskar med lesing av ein eller anna grunn, kan du vende deg til NLB og få tilgang til gratis lydbøker av ulike kategoriar, både fagbøker og romanar.

Bokhylla.no



<http://www.nb.no/nbsok>

Bokhylla.no er ei digital teneste som Nasjonalbiblioteket tilbyr alle med norsk IP-adresse, altså alle datamaskiner som oppheld seg i Noreg. Tenesta er gratis, den er alltid tilgjengeleg og har ingen i avgrensingar i lån eller periode.

Bokhylla består av over 270 000 skanna og publiserte bøker. Her kan du søke og lese bøker frå 1700-talet og heilt opp til år 2000, barnebøker, romanar, hobbybøker, lokalhistorie.

Over ein million aviser er tilgjengelige, Firda Folkeblad, Firda, Sogningen, Bergens Tidende, Dagbladet, Dagsavisen, Aftenposten og mange fleire. Nokre aviser er kun to veker gamle. Men her er også svært gamle aviser, som t.d. Aftenposten frå 1800-talet.

Andre ting ein finn her:

Foto, søk t.d på Svelgen eller Bremanger

Gamle fjernsyns- og radioprogram

Gamle filmar, også private

Privatarkiv

Hjelp til å navigering i bokhylla: <https://youtu.be/yLiXKQeXPqE>

NBLezer til mobil eller nettbrett: <https://arve0.github.io/NBLezer/#/>

Naob



DET NORSKE AKADEMIS ORDBOK

<http://www.naob.no/>

NAOB – Det Norske Akademis ordbok er ei fritt tilgjengeleg, løpande oppdatert digital ordbok, publisert på oppdrag frå Kulturdepartementet